



Systrene Nilsen har også sommarjobb for unge

På ein vanleg laurdag kan Systrene Nilsen mista 30-35 prosent av omsetnaden hvis skjenketida blir kutta ned med ein time.

Det opplyser Frøydis og Gunhild i eit brev til kommunestyret, som skal ta stilling til skjenktidene torsdag. Dei gjer det klart at dei vanskeleg vil kunne leva med ein slik reduksjon og strekar under at det ikkje er noko gullgruve å drive vertshus i Uskedalen.

- Men det er triveleg og det er kjekt å by dei gode kvinnheringane på eit glas og eit måltid i dei vakre omgjevnadene vi har her, skriv systrene som har rett til skjenking av øl og vin fram til klokka 0200 og av brennevin til 0100. Det er ei ordning som fungerer godt for Systrene Nilsen. som systrene no har drifta i eitt år og som går inn i sin andre sesong.

Dei minnar om tidlegare problem med å få vertshuset til å gå rundt og at mange har måtta gjve opp på vegen, Systrene held fram at det er ein stor føremun for Uskedalen å ha ein stad med skjekerett å by på i sumarsesongen og ved andre høgtider, Dei ligg midt i kommunen og har gjester frå store deler av denne no i sesongen.

Det er ikkje flust med utestader i kommunen og ungdom og andre har ikkje mange moglegheiter til å ta seg eit glas eller ein svingom saman, påpeikar Frøydis og Gunnhild

Systrene strekar under at folk ikkje kjem ut klokka fem, både unge og vaksne har ein tendens til å komma godt utpå kvelden. Dette jobbar dei med heile tida, men det er ikkje fort gjort å endra gamle vanar.

Systrene Nilsen er og ein stad for utanbyggs folk, det har kome fleire blåturar frå Stord og dette er ein marknad med potensiale. Redusert skjenking vil vera svært konkurransevridande då reduksjon av skjenketid ikkje vil skje i nabokommunane

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen